



Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Silje Sævik Bøe, 5557 2125

## Oversending til rette instans - Lindås kommune - klage på avslag på innsyn i søkarlista

Fylkesmannen viser til vedlagte klage frå Aud B. M. Bergheim datert 22.01.2019.

I klaga viser Bergheim til at ho den 10.01.2019 har sett fram krav om innsyn i søkarliste, og at kommunen ikkje har svart på innsynskravet.

Kommunen sitt manglande svar er å rekne som eit avslag, jf. offl. § 32 andre ledd, der det går fram at manglande svar innan fem dagar etter at kravet er sett fram skal reknast som avslag.

Etter offentleglova § 32, jf. forvaltningsloven (fvl.) § 32 første ledd, skal klaga settast fram for det organet som har tatt den avgjerda som klaga gjeld. Vidare følgjer det av fvl. § 33 at underinstansen skal førebu og ta stilling til klaga før den eventuelt blir sendt vidare til klageinstansen. Klaga blir derfor med dette sendt over til kommunen som rette adressat.

Med mindre kommunen gir fullt innsyn, må kommunen sende saka over til Fylkesmannen for klagehandsaming så snart vedtak er fatta, jf. fvl. § 33. Fylkesmannen legg til grunn at kommunen handsamar saka «utan ugrunna opphald», jf. offl. §§ 32 tredje ledd og 29 første ledd.

Med helsing

Silje Sævik Bøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:



Aud B. M.  
Bergheim